

Referat frå elevrådsmøte 24.april

Desse møtte: Peder, Lena, Håkon, Michael og Nora(vara for Sondre)

Sak 9: Info om ungdomsrådet.

Det blei informert om ungdomsrådet sitt nyoppretta ungdomsfond. Her kan ein søkja om midlar til tiltak for ungdom i alderen 13-19 år. Fondet har ei ramme på 30000 kroner. Elevrådet synes det er bra at det er laga til eit fondet, men meiner at det må informerast vidare til idrettslag og andre som gjer noko for ungdom.

Sak 10: Elevråds kafè

Elevrådet vil ha kafè. Fredag er best eigna. Forslag til datoar er 28.april og 5.mai. Elevrådet vil ha denne menyen: tacobaguette, tomatsuppe, vaflar, kaker og saft. Då må representantane frå elevrådet få fri i 2. og 3. time den aktuelle fredagen.

Sak 11: Status på fotballbana

Det har tidlegare blitt tatt opp i elevrådet at det har vore ein del uro og konflikhtar på bana. Det tyder på at det er betre no, spesielt bra at elevar i ungdomsskulen er med på bana, då blir det mindre konflikhtar.

Sak 12: Avslutningsfest for 10.klasse

Elevrådet lagar ein takketale og kjøper inn ei gåve til 10.klassingane. Kven skal halda talen?

Sak 13: Innspel for klassane

- Kvifor er fleire ytterdører låst, og kvifor må det skje eit uhell før øydelagt dør blir fiksa?
- Elevrådet vil arrangera fotballturnering for 6.-10.klasse og 1.-5.klasse ila. mai.
- Volleyballbana har framleis ikkje blitt utbetra, er det noko som kan bli gjort noko med?
- Gjerdet rundt fotballbana bør bli utbetra.

*Nora Haugsvær*

---

Referent Nora Haugsvær